



Asle Øvstedal
Mykingvegen 1169
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/9165 - 20/30382

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
26.05.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr 38/28 Hodne

Tiltak: Melding om avvik, utløp tett
Byggjestad: Gbnr: 38/28
Tiltakshavar: Asle Øvstedal

Alver kommune har 07.05.2020 mottatte melding frå NORVA 24 om at det ved tømning den 06.05.2020 vart registrert at bl. a. utløpet i septiktanken på eigedommen din var tett. Det vart kommentert frå Norva24 AS at tanken er øydelagt, og at den ikkje lenger fungerer slik den skal. Det er og meldt om at det er lekkasje i den, som kan medføre fare for forureining i grunnen rundt tanken.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensningslova § 7.

Alver kommune ønskjer at flest mogleg skal få ei god og sikker vassforsyning og avløpsløyning.

Vi anbefalar deg difor å søkje om tilkopling til offentleg avløpsordning då området der eigedommen din ligg, fekk etablert kommunal avløpsordning i 1997. Av plan- og bygningslova (pbl) § 27- 2 andre ledd følgjer det at dersom offentleg avløpsleidning går over eigedom, eller i veg som støter til den, eller over næliggjande areal, skal bygning som ligg på eigedommen, knyttast til avløpsleidningen. Vil dette etter kommunens skjønn bli ein uforholdsmessig stor kostnad eller særlege omsyn tilseier det, kan kommunen godkjenne ei anna ordning. Tilknytning til offentleg avløpsordning er søknadspliktig, jf. pbl § 20-1 bokstav f, jf. § 20-2.

Grunneigar må sjølv kosta private stikkleidningar og må betale gebyr for tilkopling til kommunen jf. Alver kommune sitt gebyrregulativ.

Frist for å kople seg til det kommunale avløpsanlegget er satt til **30.11.2020**.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre avløpssystemet ditt ved tilkopling til offentleg anlegg, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensningslova § 7.
- Tilknytningsplikta følgjer av pbl § 27-2.
- Kommunen kan gje pålegg om tilkopling og fastsetje tvangsmulkt med heimel i plan- og bygningslova kapittel 32.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller du kan sende e-post eller post til

- post@alver.kommune.no.
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Asle Øvstedal

Mykingvegen 1169

5957

MYKING